



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan teknikk og næring	30.11.2021	145/21

Saksansvarleg: Elin Blütecher

Arkiv: PLANID-202003,  
PLANNAVN-Detaljregulering-  
utvidelse av Hellestad Sandtak,  
PLANTYPE-35, FA-L12, GBN-9/2

Arkivsaknr.: 20/1248

## Detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak - 1 gongs behandling

### Kommunedirektørens innstilling:

Før detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak vert lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan og bygningslova § 12-10 må følgjande endrast:

1. Føresegna må få eit tillegg om at miljøverndepartementets retningslinjer for støy i arealplanlegging, T-1442, skal leggst til grunn for vidare prosjektering og tiltak etter pbl § 20-1.
2. Føresegna får eit rekkefølgjekrav om at utvidelse av eksisterande massetak ikkje kan starte før det er utført støyberekningar.
3. Panomtala kap. 6.7 om avrenning må beskrives ytterlegare.
4. Planomtala må få eit punkt ang sikring.
5. Føresegnas pkt. 2.5 (Sikringstiltak), får eit tillegg om at skal skiltast og at det skal vere tilstrekkeleg informasjon om farar knytta til å bevege seg inn i området.
6. Plankartet oppdaterast med ei omsynssone H560 med krav til biologisk kartlegging rundt skråningane frem til dagens uttaksområde.
7. Det knyttast ei bestemmelse i føresegna til ny omsynssone «H560 bevaring av naturmiljø» om at skråningane må undersøkast av fagkyndig før vidare tiltak i disse områda.
8. Plankartet må endrast lik at avgrensing er i tråd med gjeldande kommuneplan.

### 30.11.2021 Utval for plan teknikk og næring

#### Behandling:

Samrøystes med 6 røyster og nytt pkt 9.

#### PTN- 145/21Vedtak:

##### Kommunedirektørens innstilling:

Før detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak vert lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan og bygningslova § 12-10 må følgjande endrast:

1. Føresegna må få eit tillegg om at miljøverndepartementets retningslinjer for støy i arealplanlegging, T-1442, skal leggest til grunn for vidare prosjektering og tiltak etter pbl § 20-1.
2. Føresegna får eit rekkefølgekrav om at utvidelse av eksisterande massetak ikkje kan starte før det er utført støyberekningar.
3. Panomtala kap. 6.7 om avrenning må beskrives ytterlegare.
4. Planomtala må få eit punkt ang sikring.
5. Føresegnas pkt. 2.5 (Sikringstiltak), får eit tillegg om at skal skiltast og at det skal vere tilstrekkeleg informasjon om farar knytta til å bevege seg inn i området.
6. Plankartet oppdaterast med ei omsynssone H560 med krav til biologisk kartlegging rundt skråningane frem til dagens uttaksområde.
7. Det knyttast ei bestemmelse i føresegna til ny omsynssone «H560 bevaring av naturmiljø» om at skråningane må undersøkast av fagkyndig før vidare tiltak i disse områda.
8. Plankartet må endrast lik at avgrensing er i tråd med gjeldande kommuneplan.
9. Viktig at ein held god dialg melom USN, Hellestad sandtak og Midt-Telemark kommune vedr. krav til prøvetaking i området.

**Bakgrunn for saka:**

Rambøll fremjar på vegne av Hellestad sandtak forslag til detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak. Formål med planen er å legge til rette for å utvidelse av eksisterande massetak. Dagens ressursar innanfor gjeldande reguleringsplan begynner å gå tom, og sandtaket har difor behov for å utviding.

Vedlagt følger plankart, føresegner, planomtale med vedlegg og innspel til varsel om oppstart.

**Saksomtale:**

Oppstart av planarbeidet vart varsla 19.03.2020 med frist for å kome med merknader 23.04.2020.

Det kom inn 8 innspel til planarbeidet:


1. Fylkesmannen i Vestfold og Telemark
2. Vestfold og Telemark fylkeskommune
3. Direktoratet for mineralforvaltning
4. Naturvernforbundet
5. Bø turlag
6. Harald Klempe
7. Anders Nordskog for Vegard Hørte

## 8. Arnt Langkås


Innspela er oppsumert i planomtala.

### Tilhøve til overordna plan

Område for utvidelse ligger i kommuneplanens arealdel med formålet råstoffutvinning. Eksisterande planområde ligg i reguleringsplan for Hellestad sandtak planID 05\_44\_2006. Då gjeldande reguleringsplan er regulert utifrå tidlegare plan- og bygningslov av 1985 var det ønskeleg å ta med heile planområdet i nytt planforslag for å få oppdatert planen og ha samstemte arealformål i eksisterande og nytt utvida område. Det er kun i utvida område for BSM4 kor det søkast om endringar. Resten av planområde ajourførast med føremål til gjeldande plan- og bygningslov av 2008.



Kartutsnitt 1: Utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan



### **Vurdering av planforslaget**

Planforslaget er i tråd med gjeldande kommuneplan og reguleringsplan.

Forslagsstillar har avventa med å sende inn planforslag til behandling av kommuneplan for Midt-Telemark som ble vedtatt i juni 2021. Området for utviding av sandtaket var foreslått i to alternative 1 og 2, og er konsekvensutgreia i konsekvensutgreiing (KU), utført i forbindelse med ny kommuneplan for Midt-Telemark kommune.

I kommuneplanen ble alternativ 1 for utvidelse av Hellestad sandtak tatt inn på bakgrunn av blant anna vurderingane utført i KU. Foreslått planforslag er i tråd med alternativ 1 og det som no ligg inne som område «R13» i kommuneplanen.

### Støy/grenseverdier

Føresegna stiller krav til drifttider, men kommunedirektøren meiner også at det bør settast inn eit punkt i føresegna om støy og at retningslinja for støy i arealplanlegging T-1442 skal leggest til grunn. I planomtala pkt. 4.1 og 6.7 står det at det ikkje blir utført støymålingar i dag då det er lite bebyggelse i nærleiken til sandtaket, men at naboar blir varsla ved sprenging.

Kommunedirektøren meiner at det bør gjennomførast støyberekningar for det utvida område grunna ny bruk og innspel frå offentlege og naboar. Dette er også omtalt i referat frå oppstartsmøte. Kommunedirektøren foreslår at det settast eit rekkefølgekrav om støyberekningar knyta til utviding av massetaket.

### Avrenning

I planomtala visast det til at det i dag innanfor planområde er to registrerte område for grunnforurensing sjå pkt. 4.11 i planomtala. Det visast ellers til at bruddet er tett utan avrenning og at uttaket skal driftast i tråd med forurensingsforskriftens kap. 30.

Det har kome fleire merknader i høve til avrenning både frå Klempe og nabo Hørte.

Kommunedirektøren viser til planomtala og meiner at tilhøve til avrenning bør beskrives ytterlegare.

### Sikring av BSM4

Det er satt føresegner om sikringstiltak jf. føresegnas pkt. 2.5. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at tilhøve til sikring er omtalt i planomtala og meiner at dette må omtalast.

Kommunedirektøren meiner vidare at føresegnas pkt. 2.5 bør få eit tillegg om at området også skal skiltast og at det skal vere tilstrekkeleg informasjon om farar knytta til å bevege seg inn i området.

### Omsynssone for bevaring av naturmiljø H560

Nytt utvida område er lagt inn på bakgrunn av utredningar i ny kommuneplan for Midt-Telemark. Det er som beskrive tidlegare ingen nye endringar i eksisterande planområde, men området er tatt med for å rydde opp i gamle arealformål.

I innspel frå fylkesmannen (nå statsforvaltaren) ber fylkesmannen kommunen om å vurdere avgrensing av kantsonar/skråningar av fagkyndig. Det visast til at massetak med innslag av sand er potensielle leveområde for trua arter (fleire på rødlista).

Gjeldande reguleringsplan er av eldre dato, og det er ikkje gjennomført biologisk kartlegging knytta

til planområde. I KU- vurdering utført i samband med kommuneplanen er kun nytt område R13 vurdert. Det er sagt at det ikkje er nokon registrerte område for biologisk mangfald.

I og med at området omfattast av eldre reguleringsplan kor det ikkje er gjennomført biologisk kartlegging anbefaler kommunen at dette bør gjerast i kantsoner/skråningane slik fylkesmannen beskriv.

Kommunedirektøren foreslår difor at det leggst inn ein hensynssone for bevaring av naturmiljø til kantsonane/skråningane fram til dagens uttak. Området for hensynssone må undersøkast av fagkyndig før vidare tiltak i disse områda.

#### Avgrense område i tråd med gjeldande kommuneplan

Føreslått planforslag avvik noko i nord i tilhøve til område (R13) i kommuneplanens arealdel . Dette må rettast slik at planforslaget avgrensning samsvarer med kpa.

#### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderinga ovanfor anbefalast det at detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak tas til 1. gongs behandling, og leggst ut til offentlig ettersyn/høyring med de endingar som er føreslått.

#### **Vedlegg:**

22.11.2021	Vedlegg_1_Plankart	1447408
22.11.2021	Vedlegg_2_Bestemmelser	1447410
22.11.2021	Vedlegg_3_Planbeskrivelse	1447414
22.11.2021	Vedlegg_4_ROS	1447411
22.11.2021	Vedlegg_5_Innspill til varsel om oppstart - samlet	1447412
22.11.2021	Vedlegg 6 Varslingsbrev	1447409
22.11.2021	Vedlegg_7_Utsnitt av konsekvensutgreiing KPA Midt-Telemark	1447413
22.11.2021	2020_02_05_ underteikna_ oppstartsmøtereferat	1448522

#### **Parter:**

Rambøll v/Andrea Høibakk  
Hellestad Sandtak AS